



**I kveld blir det en ny quiz-runde i Vertshuset og den startar 19.30.**

**I den første runden for 2 veker sidan stilte det 5 lag og verten Morten Nilsen har grunn til å tru at det kjem fleire i kveld.**

Dei som er interessert i å stilla lag kan gjerne ringa 45 00 20 59 på førehand, men dei kan også gjerne koma utan påmelding.

Quiz-ekspert nummer ein i Uskedalen, Torfinn Myklebust, laga spørsmåla sist og det har han også gjort denne gongen. Men i kveld stillar han også sjølv opp som quiz-leiar saman med Morten.

Den første quizen vart eit spanande oppgjær der laget 'Pondus på tur' (biletet) sigra med 3 poengs margin.

Blir det ein like spanande dyst i kveld?

(Foto: Ola Matti Mathisen)